

**Avtala om Det europeiske  
økonomiske samarbeidsområdet**

**EØS-komiteen**

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**

**nr. 74/2001  
av 19. juni 2001**

**om endring av vedlegg XIII til EØS-avtala (Transport)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XIII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 49/2001 av 30. mars 2001<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsdirektiv 2001/7/EF av 29. januar 2001 om tredje tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsdirektiv 94/55/EF om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om veitransport av farlig gods<sup>(2)</sup> skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg XIII nr. 17e (rådsdirektiv 94/55/EF) i avtala skal nytt strekpunkt lyde:

“– **32001 L 0007**: Kommisjonsdirektiv 2001/7/EF av 29. januar 2001 (TEF L 30 av 1.2.2001, s. 43).”

*Artikkel 2*

Teksta til kommisjonsdirektiv 2001/7/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

---

<sup>(1)</sup> TEF L 158 av 14.6.2001, s. 65, og EØS-tillegget til TEF nr. 30 av 14.6.2001, s. 44.

<sup>(2)</sup> TEF L 30 av 1.2.2001, s. 43.

### *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 20. juni 2001, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(\*).

### *Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 19. juni 2001.

For EØS-komiteen  
Formann

P. Westerlund

Sekretærer for EØS-komiteen

P.K. Mannes      M. Brinkmann

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.